

Møteprotokoll for Plan- og miljøutvalet

Møtedato: 10.12.2014
Møtestad: Kantina, rådhuset
Møtetid: 12:00 - 17:25

Diverse merknader:

Sak 149/14 vart handsama før sak 144/14.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jan-Erik Hope	H	Utvalsleiar
Alf Angelskår	KRF	Medlem
Marit Tømmermo	AP	Medlem
Henriette Mjøs	FRP	Medlem
Kåre Romarheim	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Ingrid Hindenes	H	Nestleiar
Halvard Rydland	H	Medlem
Kjetil Gjerstad	SP	Medlem
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Olav Magnus Steinsland	H	
Leif Hosøy Sleire	H	
Laila Bjørge	SP	
Ståle Juvik Hauge	AP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-ass.rådmann, Tor Hegle-einingsleiar, Arnold Matre-fagleiar, Christian Reinshol-arealplanleggar, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
135/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
136/14	Godkjenning av møteprotokoll
137/14	Delegerte saker
138/14	Referatsaker
139/14	Klage på vedtak - søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av tomannsbustad - gbnr 196/139 Midtgård
140/14	Avslag på deling av tomt til bustad - gbnr 121/1 Knarvik nord
141/14	Ny begrensa høyring av Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023
142/14	Mindre endring av reguleringsplan for Rissundet
143/14	Vurdering av planprosess for Lonane
144/14	2. gangs handsaming av reguleringsplan for Statoil Industriområde
145/14	2. gangs handsaming av reguleringsplan for Apalen Sør, gbnr 202/1 m.fl.
146/14	Godkjenning av planprogram for reguleringsplan Johan Sverdrup oljerørledning - Bergsvikhamn-Mongstad
147/14	Høyringsuttale - Konsekvensutgreiing for Johan Sverdrup eksportørledning for olje og gass
148/14	Høyringsuttale til Regional plan for vassområde Hordaland
149/14	Høyring. Framlegg frå Landbruks og matdepartementet om oppheving av konsesjonslova og buplikta.

135/14: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Ingen merknader.

Samrøystes.

PM - 135/14 VEDTAK:

Ingen merknader.

136/14: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Møteprotokollen frå møte 30.10.2014 vart samrøystes godkjent.

PM - 136/14 VEDTAK:

Møteprotokollen frå møte 30.10.2014 er godkjent.

137/14: Delegererte saker

Meldinga vert teke til orientering

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Meldinga vert teke til orientering.

PM - 137/14 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering.

138/14: Referatsaker

Meldinga vert teke til orientering

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Meldinga vert teke til orientering.

PM - 138/14 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering.

139/14: Klage på vedtak - søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av tomannsbustad - gbnr 196/139 Midtgård

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet opprettheld kommunen sitt vedtak i sak 2014/1734 av 29.08.2014. Det ligg ikkje føre moment i saka som gjev grunn til ei endring av vedtaket.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for Midtgård-Leiknes for oppføring av tomannsbustad.

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-4 vert det ikkje gjeve rammeløyve for oppføring av tomannsbustad.

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Kåre Romarheim-Krf var ugild grunna økonomiske interesser i området, og deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Framlegg frå Ståle Juvik Hauge-Ap:

Saka vert utsett. Plan- og miljøvalet ber om synfaring.

Framlegget frå Ståle Juvik Hauge-Ap vart vedteke med 5 røyster (Marit Tømmermo-Ap, Ståle Juvik Hauge-Ap, Henriette Mjøs-Frp, Alf Angelskår-Krf, Olav M. Steinsland-H).

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster og fall.

PM - 139/14 VEDTAK:

Saka vert utsett. Plan- og miljøvalet ber om synfaring.

140/14: Avslag på deling av tomt til bustad - gbnr 121/1 Knarvik nord

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune ikkje løyve til å dele frå 1100m2 grunnlendt fastmark frå gnr.121 bnr.1, slik det er søkt om.

Med heimel i pbl §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå gjeldande plan, eller frå forbodet mot tiltak i strandsona.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 140/14 VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune ikkje løyve til å dele frå 1100m2 grunnlendt fastmark frå gnr.121 bnr.1, slik det er søkt om.

Med heimel i pbl §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå gjeldande plan, eller frå forbodet mot

tiltak i strandsona.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

141/14: Ny begrensa høyring av Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (2011 – 2023)- planforslag med foreslåtte endringar datert 26.11.14 med vedlegg, vert med heimel i plan- og bygningslova § 11-14, sendt på avgrensa høyring til råka styresmakter og naboar.

Fellesframlegg:

Saka sendes tilbake til administrasjonen. Plan- og miljøutvalet bed administrasjonen utgreie moglegheita for å få:

Eksisterande godkjente tiltak som boliger, naust, kai og hytter merkast primært med formålet i kartet eller leggjast på liste i plandokumentet/føresegner som sikrar tiltaka handsaming etter formålet / bruk, innanfor grensa for tiltaket. Dette for å sikre at plan er funksjonell også for eksisterande godkjente tiltak, samt at behovet for dispensasjon i slike tiltak / områder vert sterkt redusert.

Punkt 2.8 rettes opp for inntil 36 m2 til inntil 50 m2.

Plan- og miljøutvalet ynskjer også informasjon om arbeidsomfang og estimert tidsskjema for utarbeiding av plandokumentliste.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

PM - 141/14 VEDTAK:

Saka sendes tilbake til administrasjonen. Plan- og miljøutvalet bed administrasjonen utgreie moglegheita for å få:

Eksisterande godkjente tiltak som boliger, naust, kai og hytter merkast primært med formålet i kartet eller leggjast på liste i plandokumentet/føresegner som sikrar tiltaka handsaming etter formålet / bruk, innanfor grensa for tiltaket. Dette for å sikre at plan er funksjonell også for eksisterande godkjente tiltak, samt at behovet for dispensasjon i slike tiltak / områder vert sterkt redusert.

Punkt 2.8 rettes opp for inntil 36 m2 til inntil 50 m2.

Plan- og miljøutvalet ynskjer også informasjon om arbeidsomfang og estimert tidsskjema for utarbeiding av plandokumentliste.

142/14: Mindre endring av reguleringsplan for Rissundet

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14, godkjenner Plan – og miljøutvalet mindre endring av reguleringsplan for Rissundet, plan-ID 1263-28091977, med følgjande tillegg:

- Reviderte føresegner datert 29.09.2014 erstattar føresegner datert 26.01.1977.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 142/14 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14, godkjenner Plan – og miljøutvalet mindre endring av reguleringsplan for Rissundet, plan-ID 1263-28091977, med følgjande tillegg:

- Reviderte føresegner datert 29.09.2014 erstattar føresegner datert 26.01.1977.
-

143/14: Vurdering av planprosess for Lonane

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §3-3 vedtek Plan – og miljøutvalet at kommunedelplan Knarvik - Alversund (2007-2019) skal rullerast før arbeidet med detaljreguleringsplan /områdeplan for Lonane kan startast opp.

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Fellesframlegg:

I medhold av Pbl §12-2 vedtar plan- og miljøutvalet at vidare regulering av området Lonena kan gjennomførast i tråd med gjeldande kommunedelplan.

Det skal utarbeidast ein områdeplan. Plan- og miljøutvalet er positiv til at det vert eit privat offentleg samarbeid. Plan- og miljøutvalet forutsetter at kostnadene ved utarbeiding av plan blir å dekke av utbyggjar.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

PM - 143/14 VEDTAK:

I medhold av Pbl §12-2 vedtar plan- og miljøutvalet at vidare regulering av området Lonena kan gjennomførast i tråd med gjeldande kommunedelplan.

Det skal utarbeidast ein områdeplan. Plan- og miljøutvalet er positiv til at det vert eit privat offentleg samarbeid. Plan- og miljøutvalet forutsetter at kostnadene ved utarbeiding av plan blir å dekke av utbyggjar.

144/14: 2. gangs handsaming av reguleringsplan for Statoil Industriområde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for Statoil industriområde, Mongstad, på følgjande vilkår:

1. Føresegner datert 14.07.2014 og plankart datert 17.01.2014 vert lagt til grunn.
2. Før reguleringsplanen vert kunngjort godkjent, skal feilfritt plankart ligge føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 144/14 INNSTILLING:

Innstilling i plan- og miljøutvalet 10.12.2014:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for Statoil industriområde, Mongstad, på følgjande vilkår:

1. Føresegner datert 14.07.2014 og plankart datert 17.01.2014 vert lagt til grunn.
2. Før reguleringsplanen vert kunngjort godkjent, skal feilfritt plankart ligge føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.

145/14: 2. gangs handsaming av reguleringsplan for Apalen Sør, gbnr 202/1 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan – og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for Apalen Sør, gbnr 202/1 m.fl. på følgjande vilkår:

1. Føresegner datert 25.11.2014 og plankart datert 16. 10. 2014 vert lagt til grunn
2. Før reguleringsplanen vert kunngjort godkjent, skal feilfritt plankart liggje føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 145/14 INNSTILLING:

Innstilling i plan- og miljøutvalet 10.12.2014:

I medhald av plan – og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret reguleringsplan for Apalen Sør, gbnr 202/1 m.fl. på følgjande vilkår:

1. Føresegner datert 25.11.2014 og plankart datert 16. 10. 2014 vert lagt til grunn
2. Før reguleringsplanen vert kunngjort godkjent, skal feilfritt plankart liggje føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.

146/14: Godkjenning av planprogram for reguleringsplan Johan Sverdrup oljerørledning - Bergsvikhamn-Mongstad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-9, godkjenner kommunestyret planprogram for detaljreguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning – Bergsvikhamn-Mongstad, datert 26.11.2014, med følgjande tillegg:

1. Tillegg til 5.3.4: Det skal utarbeidast visualiseringar av varige tiltak i landskapet som skal innarbeidast i planomtalen til reguleringsplanen.
2. Tillegg til 5.4.4: Det må gjennomførast ei kartlegging av borehol og brønnar som kan verte påverka av etableringa av tunell i området og det må sikrast at det vert teke vassprøvar som kan spore eventuelle endringar i grunnvasskvaliteten som følgje av arbeidet.

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Fellesframlegg:

Endring i rådmannen sitt framlegg punkt 2:

Ordene " og kapasitet" etter vassprøvar, og ordet "/kapasitet" etter grunnvasskvaliteten.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

PM - 146/14 INNSTILLING:

Innstilling i plan- og miljøutvalet 10.12.2014:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-9, godkjenner kommunestyret planprogram for detaljreguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørleidning – Bergsvikhamn-Mongstad, datert 26.11.2014, med følgjande tillegg:

1. Tillegg til 5.3.4: Det skal utarbeidast visualiseringar av varige tiltak i landskapet som skal innarbeidast i planomtalen til reguleringsplanen.
2. Tillegg til 5.4.4: Det må gjennomførast ei kartlegging av borehol og brønner som kan verte påverka av etableringa av tunell i området og det må sikrast at det vert teke vassprøvar og kapasitet som kan spore eventuelle endringar i grunnvasskvaliteten/kapasitet som følgje av arbeidet.

147/14: Høyringsuttale - Konsekvensutgreiing for Johan Sverdrup eksportørleidningar for olje og gass

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

<Skriv inn rådmannen sitt framlegg her>

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Saka utgår.

PM - 147/14 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Saka utgår.

148/14: Høyringsuttale til Regional plan for vassområde Hordaland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ei felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ynskjer å være ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådd.

Kommunen vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meining for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Til dømes er det ikkje gjort nokre vurderingar eller anslag på kor store kostnader som kan verte knytt til sanering og oppgradering av spreidde avlaupsanlegg og kven som skal stå for kostnadane her. Oppgradering av enkeltanlegg kan koste om lag 100.000 kr og tilkopling, og utbygging av, offentleg avlaupsnett vil også ha store kostnader. Oppfølging av tiltaka og sakshandsaming hjå ansvarleg mynde er heller ikkje vurdert kostnad til.

Lindås kommune meiner at for vassførekomstar der det er føreslått tiltak, men det er knytt usikkerheit til påverkingskjelde og grad av påverknad, må det sikrast at det vert gjort undersøkingar som slår fast påverkingsgraden frå dei ulike påverkingskjeldene før eventuelle tiltak vert fastslått gjennom planen. Baserer ein seg på eit ikkje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag risikerer ein å binde seg til tiltak som ikkje har den ønska effekten i høve kostnadane tiltaket fører med seg. Det er viktig å sikre at ressursane som vert brukt vert sett inn på tiltak som har ønskt effekt, etter ei fagleg vurdering av kost/nytte.

Lindås kommune vil jobba vidare med dei tiltaka som kommunen har mynde for eller sjølv har ansvar for å få gjennomført. Det gjeld tiltak innanfor landbruk og avlaup. For oppfølging av andre tiltak må kommunane få kompensert for nye oppgåver som følgje av vassforskrifta.

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Arealplanleggjar Christian Reinshol orienterte i saka.

Oversendelsesbrev frå fylkesrådmannen i Rogaland vart utdelt i møte.

Fellesframlegg:

Lindås kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ei felles, bærekraftig bruk av vassressursane på

tvers av sektormynde. Lindås kommune meiner framlagt Regional plan for vassområde i Hordaland ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Med dette ynskjer Lindås kommune at Fylkestinget avviser planen, med bakgrunn i følgjande argumentasjon:

Kommunen vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si mening for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Til dømes er det ikkje gjort nokre vurderingar eller anslag på kor store kostnader som kan verte knytt til sanering og oppgradering av spreidde avlaupsanlegg og kven som skal stå for kostnadane her. Oppgradering av enkeltanlegg kan koste om lag 100.000 kr og tilkopling, og utbygging av, offentleg avlaupsnett vil også ha store kostnader. Oppfølging av tiltaka og sakshandsaming hjå ansvarleg mynde er heller ikkje vurdert kostnad til.

Lindås kommune meiner at for vassførekomstar der det er foreslått tiltak, men det er knytt usikkerheit til påverkingskjelde og grad av påverknad, må det sikrast at det vert gjort undersøkingar som slår fast påverkingsgraden frå dei ulike påverkingskjeldene før eventuelle tiltak vert fastslått gjennom planen. Baserer ein seg på eit ikkje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag risikerer ein å binde seg til tiltak som ikkje har den ønska effekten i høve kostnadane tiltaket fører med seg. Det er viktig å sikre at ressursane som vert brukt vert sett inn på tiltak som har ønskt effekt, etter ei fagleg vurdering av kost/nytte.

Lindås kommune er usamd med Fylkesrådmannen i at framlegg til Regional plan for vassområdet Hordaland byggjer på eit godt nok kunnskapsgrunnlag. Lindås kommune er opptatt av at Hordaland fylkeskommune i den nye saksutgreiinga i regionalplan for vassområdet Hordaland svarer på følgjande:

- Er det foreslått rett miljømål og tiltak?
- Er det samsvar mellom foreslåtte miljømål og foreslåtte tiltak?
- Er det forslag til andre miljømål eller tiltak?
- Hvilke tiltak, temaer og geografiske områder bør prioriteres?
- Er det eksisterende kunnskap og tiltak av betydning, som ikke er beskrevet?
- Er det konsekvenser av planforslaget, som ikke er belyst?

Lindås kommune er uroa for kva konsekvenser ein slik plan kan få for utvikling i regionen.

Fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 148/14 INNSTILLING:

Innstilling i plan- og miljøutvalet - 10.12.2014:

Lindås kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ei felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde. Lindås kommune meiner framlagt Regional plan for vassområde i Hordaland ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Med dette ynskjer Lindås kommune at Fylkestinget avviser planen, med bakgrunn i følgjande argumentasjon:

Kommunen vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag

ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meining for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Til dømes er det ikkje gjort nokre vurderingar eller anslag på kor store kostnader som kan verte knytt til sanering og oppgradering av spreidde avlaupsanlegg og kven som skal stå for kostnadane her. Oppgradering av enkeltanlegg kan koste om lag 100.000 kr og tilkopling, og utbygging av, offentleg avlaupsnett vil også ha store kostnader. Oppfølging av tiltaka og sakshandsaming hjå ansvarleg mynde er heller ikkje vurdert kostnad til.

Lindås kommune meiner at for vassførekomstar der det er føreslått tiltak, men det er knytt usikkerheit til påverkingskjelde og grad av påverknad, må det sikrast at det vert gjort undersøkingar som slår fast påverkingsgraden frå dei ulike påverkingskjeldene før eventuelle tiltak vert fastslått gjennom planen. Baserer ein seg på eit ikkje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag risikerer ein å binde seg til tiltak som ikkje har den ønska effekten i høve kostnadane tiltaket fører med seg. Det er viktig å sikre at ressursane som vert brukt vert sett inn på tiltak som har ønskt effekt, etter ei fagleg vurdering av kost/nytte.

Lindås kommune er usamd med Fylkesrådmannen i at framlegg til Regional plan for vassområdet Hordaland byggjer på eit godt nok kunnskapsgrunnlag. Lindås kommune er opptatt av at Hordaland fylkeskommune i den nye saksutgreiinga i regionalplan for vassområdet Hordaland svarer på følgende:

- Er det foreslått rett miljømål og tiltak?
- Er det samsvar mellom foreslåtte miljømål og foreslåtte tiltak?
- Er det forslag til andre miljømål eller tiltak?
- Hvilke tiltak, temaer og geografiske områder bør prioriteres?
- Er det eksisterende kunnskap og tiltak av betydning, som ikke er beskrevet?
- Er det konsekvenser av planforslaget, som ikke er belyst?

Lindås kommune er uroa for kva konsekvenser ein slik plan kan få for utvikling i regionen.

149/14: Høyring. Framlegg frå Landbruks og matdepartementet om oppheving av konsesjonslova og buplikta.

Lindås kommune har diskutert regjeringa sitt framlegg til oppheving av konsesjonslova og reglane om buplikt. Lindås kommune kan vere samd med regjeringa om at det er grunnlag for og viktig å diskutere om dei lovane som styrer kjøp og sal av fast eigedom i dag, er gode nok og eigna til å sikre at nasjonen kan forvalte areala på beste måte.

Men Lindås kommune meiner ein ikkje kan take stilling til kva som er beste løysing, på bakgrunn av det høyringsnotatet som regjeringa har lagd fram.

Lindås kommune ber difor om at vedtak om endring ikkje vert fatta no. Konsesjonslova og buplikta vert framleis gjeldande lov.

Lindås kommune rår vidare til at det vert sett ned ei breitt samansett gruppe som skal klarlegge grunnlaget for endringar i lovverket. Først når alle sider er så godt klarlagd som mogeleg, vert det

formulert eit grundig fundamentert framlegg til endring, som deretter vert sendt på ein brei og grundig høyring, før framlegg til endring i lovverket vert formulert.

Grunngjevinga for dette standpunktet ligg i at det er for mange spørsmål som ikkje er svara på i framlegget frå regjeringa, slik det ligg føre.

10.12.2014 PLAN- OG MILJØUTVALET

Ekstrasak: "høyring - framlegg frå landbruks og matdepartementet om oppheving av konsesjonslova og buplikta" vart handsama i møte.

Samrøystes.

Eli Bjørklid sakshandsamar plan og landbruk orienterte i saka.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster mot (Henriette Mjøs-Frp).

PM - 149/14 UTTALE:

Uttale i Plan- og miljøutvalet - 10.12.2014:

Lindås kommune har diskutert regjeringa sitt framlegg til oppheving av konsesjonslova og reglane om buplikt. Lindås kommune kan vere samd med regjeringa om at det er grunnlag for og viktig å diskutere om dei lovane som styrer kjøp og sal av fast eigedom i dag, er gode nok og eigna til å sikre at nasjonen kan forvalte areala på beste måte.

Men Lindås kommune meiner ein ikkje kan take stilling til kva som er beste løysing, på bakgrunn av det høyringsnotatet som regjeringa har lagd fram.

Lindås kommune ber difor om at vedtak om endring ikkje vert fatta no. Konsesjonslova og buplikta vert framleis gjeldande lov.

Lindås kommune rår vidare til at det vert sett ned ei breitt samansett gruppe som skal klarlegge grunnlaget for endringar i lovverket. Først når alle sider er så godt klarlagd som mogeleg, vert det formulert eit grundig fundamentert framlegg til endring, som deretter vert sendt på ein brei og grundig høyring, før framlegg til endring i lovverket vert formulert.

Grunngjevinga for dette standpunktet ligg i at det er for mange spørsmål som ikkje er svara på i framlegget frå regjeringa, slik det ligg føre.
